



FAKTORAR SOM KAN BESKYTTA FRÅ Å UTVIKLA VANSKAR

Følgande faktorar er meint som ei samling av informasjon, henta frå boka «Barn i risiko – skadelege omsorgssituasjonar» av Øyvind Kvello.

Det er ikkje slik at dersom eit barn eller ein ungdom er eller har ein eller fleire av desse beskyttande faktorane i sitt liv så vil dei ikkje oppleva motgang, vanskar og lidning. Men, om ein eller fleire av faktorane her er til stades i eit barn sitt liv vil det kunne beskytta mot utvikling eller auke av vanskar. Av den grunn er det viktig å reflektera kring beskyttelsesfaktorar når me kjenner på uro for eit barn eller ein ungdom. Ei slik vurdering vil og være eit godt grunnlag for drøftinga med foreldre. Sjå og verktøy om risikofaktorar, desse skal sjåast i samanheng.

BESKYTTANDE FAKTOR	KOMMENTAR
Gode eller sær gode evne på ulike kompetanseområde: <ul style="list-style-type: none">• Kognitiv• Språk• Adferd/moral• Emosjonelt• Sosialt• Motorikk	Inkludert gode meistringsstrategiar
Prega av optimisme, positivt sjølvbilde, fleire tykkjer barnet er lett å like, prososial	Frå 10 års alder
Har venner, høyrer til i eit sosialt fellesskap	
Har hobby og fritidsinteresser, får brukt sine talent og kjenner på meistring	Frå 8 års alder
Tilpassar seg enkelt	Til dømes endringar i rutinar, grensesetting, sosiale samanhengar
Gode faglege prestasjonar og utvikling	Forutset ein velfungerande barnehage eller skule
Omsorgspersonar utøver god omsorg	
Foreldre og familie som fungerer godt	Integrert i samfunnet, aktive og har sosialt nettverk
Samde omsorgspersonar	Vaksne rundt barnet er einige i vegval og verdjar, og syner god oppslutning om desse
Barnet har jamn tilgang til vaksne i tillegg til sine foreldre	Og desse vaksne <ul style="list-style-type: none">a) investerer mykje tid i barnetb) har mange positive kjensler for barnet, ogc) har god omsorgskompetanse
Omsorgspersonane engasjerer seg positivt i korleis barnet har det i barnehage og skule	Samarbeider godt i kjernefamilien og mot andre, inkludert slekt, venner, nærmiljø og andre rundt barnet. Taklar utfordringar på ein oppbyggande måte.

